

## SARS-CoV-2 virus: Info nr. 2 til kommunehelsetenesta og legevaktsentralane

Førde 29.febr. 2020

Som kjent er det eit utbrot i fleire land med et nytt koronavirus (SARS-CoV-2, som gir sjukdomen Covid-19). Helse Førde ynsker framleis å få til eit godt samarbeid med primærhelsetenesta ved mistanke om koronavirusssmitte.

Vi må vere budde på at viruset kan spreie seg også i Norge, i første omgang som sporadiske einskildtilfelle. Vi har allereie merka pågang til helseteneste i fylket knytt til denne problemstillinga. Folkehelseinstituttet (FHI) gjev god rettleiing - <https://fhi.no/nettpub/coronavirus/> - på fhi.no om Covid-19 bør mistenkast og korleis det skal handterast både i primærhelsetenesta og i sjukehus.

**Det er samtidig viktig at vi gjer lokale tilpassingar til dette og etablerer gode rutinar og godt samarbeid.**

Så lenge vi er i ein situasjon med få påviste tilfelle med Covid-19 i Norge, handlar god handtering ikkje berre om å gje god behandling til pasientane som treng det, men i denne fasen er det også viktig å hindre vidare smittespreiing. Samstundes er det meldt om utfordringar knytt til levering av smittevern utstyr. Helse Førde har revidert sine smittevern rutinar og desse er tilgjengeleg på PKO sidene.

Folkehelseinstituttet har lagt opp til at vurdering og prøvetaking kan skje i primærhelsetenesta ved å isolere pasienten heime til prøvesvar føreligg.

Pr. i dag er det tilrådd fylgjande prøvetaking og analysestad:

- Koronaprøve analyserast inntil vidare ved HUS. Det skal sendast eit prøveglas (rødt virustransportmedium) med ein pensel. Denne penselen skal først brukast på bakre svelgvegg, deretter i nasofarynx. Det vert arbeidd for å få til elektronisk rekvirering i Interactor. Før denne er aktivert i journalsystemet må ein bruke papirrekvisisjon til mikrobiologisk avdeling, Haukeland (sjå eiga lenke). Relevante kliniske opplysningar må påførast. Prøvane sendast direkte til Haukeland universitetssjukehus. Det vil i løpet av kort tid kunne forventast at FSS vil kunne analyser prøvene. Det vil det kome informasjon om.
- Ved sterk medisinsk indikasjon tar ein eit prøveglas nr 2, med ein pensel frå nasofarynx, for analyse på ordinære luftvegsagens. Sendast som vanleg til FSS med rekv i Interactor. Dette skal ikkje gjerast rutinemessig! Vi skal heller ha høgre terskel for slike prøver no enn til vanleg – dette for å unngå at det etter kvart blir manko på prøveutstyr.

**Fastlegar og legevakt kontakter eigen smittevernlege ved behov. Smittevernlege som ynskjer kontakt med Helse Førde knytt til Koronaproblematikken, ringer sentralbordet 57 83 90 00.** Sentralbordet vil

- på vakttid sette over til vakthavande overlege med medisinsk avd. FSS
- i kontortid måndag til fredag medisinsk fagleg rådgjevar, overlege Torgeir Finjord

Testing, isolering og oppfølging av nærkontaktar er ressurskrevjande, så dette vert gjort kun ved kvalifisert mistanke. Kartlegging av nærkontaktar/smitteoppsporing skal gjerast i samarbeid med Folkehelseinstituttet

**Legg merke til kriteriekrav for misstanke om testing hjå FHI.**

<https://fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/definisjoner-av-mistenkte-og-bekreftede-tilfeller-med-koronavirus-coronavir/>

**Transport** av mistenkte tilfelle vert tilvist Førde sentralsjukehus og koordinert med AMK Førde.

Avklar med medisinsk overlege og ev. Folkehelseinstituttet korleis ev. familie/nærkontaktar skal forhold seg. Sjå FHI si tilråding ved rørande oppfølging av nærkontaktar.

### **Varsling**

Vi minner elles om Folkehelseinstituttet skal varslast ved sjuk pasient der det er reell risiko for koronasmitte. Det er kommuneoverlegen/smittevernlegen som tar seg av slik varsling.

**Førde 29. februar 2020**

### **Seksjon kvalitet og pasienttryggleik**

Kari Holvik Furevik

Seksjonsleiar